



SANDE KOMMUNE
Gursken oppvekstsenter
6082 GURSKEN

VAKSENOPLÆRINGA

NORSKOPPLÆRING FOR INNVANDRARAR

Kven har rett, rett og plikt eller berre plikt?

Norske myndigheiter reknar grunnleggjande kunnskaper i norsk som heilt naudsynt – for å kunne opphalde seg og arbeide i Noreg.

Alle som skal søkje om norsk statsborgarskap etter 1. september 2008 må ha gjennomført 300 timar norskopplæring eller kunne dokumentere tilstrekkelege kunnskaper i norsk.

Dette gjelder alle – uavhengig av når dei fekk opphaldstillatelse.

Innvandrarar under 16 år har skolerett og skoleplikt etter norsk lov, og foreldre skal snarast råd etter ankomst ta kontakt med næraste grunnskule.

Innvandrarar mellom 16 og 20 år får tilbod om grunnskuleopplæring. Sande kommune samarbeider med Hareid om eit slikt tilbod – og undervisninga går føre seg på Hareid.

NORSK MED SAMFUNNSKUNNSKAP FOR VAKSNE

Kven har rett og plikt til slik opplæring?

- Personar med asylstatus eller overføringsflyktningar
- Personar med opphald på humanitært grunnlag eller med kollektiv beskyttelse
- Familiegjenforente med ovanfornemnte
- Familiegjenforente med norske eller nordiske borgere
- Familiegjenforente med personar som har busettjingsstillatelse

Rett og plikt betyr at desse gruppene har plikt til å gjennomføre opplæringa – og at den er gratis. (Mellom 55 og 67 år har ein rett, men ikkje plikt).

Følgjande grupper har ikkje rett til gratis opplæring, men likevel plikt til å gjennomføre opplæringa på 300 timar:

- Arbeidsinnvandrarar utanfor EØS/EFTA-området
- Familiegjenforente med ovenfornemnte

Følgjande grupper har verken rett eller plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap:

- Studenter
- Au pairer og andre med mellombels opphald

- Nordiske borgere
- Personar med opphald etter EØS/EFTA-regelverket

Denne gruppa kan likevel få tilbod om norskundervisning – dersom det er plass i den kommunale opplæringa. Ein betalar då ein eigenandel pr. time undervisning.

HOVUDPRINSIPP FOR ORDNINGA

- Innvandrarak har rett og plikt til å gjennomføre 250 timar opplæring i norsk – og 50 timar opplæring i samfunnskunnskap på eit språk dei skjønar.
- Kvar einskild person må sjølv søkje / vende seg til kommunen om opplæring. Opplæringa skal starte så snart som råd (seinast 3 månader etter det er søkt). Kommunen gjer vedtak om opplæring og legg til rette for opplæringa.
- Innvandrarak må ta ut 300 timar i løpet av 3 år.
- Denne opplæringa er eit vilkår for å få busetjingstillatelse og seinare statsborgarskap.
- Innvandrarak som kan dokumentere gode nok norskkunnskaper kan bli fritekne frå kravet om opplæring.
- Dersom det er behov for det - kan ein få ytterligere opplæring i 2700 timar (men ikkje plikt). Ein gjennomfører då testar for å kunne slå fast behovet ut over 300 timar. Heile opplæringa må gjennomføres i løpet av 5 år.
- Opplæringa skal tilpassast den einskilde sine føresetnader og bakgrunn – så alle skal ha individuell plan for opplæringa.
- Rett til gratis opplæring vil opphøre dersom ikkje opplæringa er gjennomført når fristen går ut. Har ein vorte hindra i å gjennomføre opplæringa- kan ein søkje om å få retten attende.

Avsluttande prøver

Når lærar og elev saman meiner eleven er klar for det - kan eleven verte meldt opp til avsluttande prøve. Prøven har ein skriftleg og ein munnleg del. Første prøve er gratis – ev. seinare prøver må eleven betale sjølv. For vårt distrikt vert denne prøva arrangert i Ålesund.

Personar som vil studere ved univeritet eller høgskule – kan få dokumentert kunnskapane sine ved å melde seg opp til ”Test i norsk – høgare nivå”. Ein må sjølv melde seg på til denne prøva.

SANDE KOMMUNE SINE KRAV TIL DELTAKARANE

- **Ein skal møte til den undervisninga ein har fått tilbod om – og til rett tid.**
- **Dersom tilbodet ikkje passar – skal en seie frå om dette, og drøfte andre moglege tilbod – om dei finnast.**
- **Dersom ein deltakar vedvarande viser ei åtferd som i alvorleg grad går ut over orden og arbeidsro i gruppa, eller alvorleg grad let vere å gjere pliktene sine – kan deltakaren visast bort for resten av kurset.**
- **Dersom nokon er vekke frå undervisninga - gjeld det følgjande reglar:**
 - **Dersom fråveret er under 10% (30 av 300t) beheld ein retten til opplæringa, og kan ta timane igjen innafor fristen på 3 år. Dette gjeld om det er legitimt (gyldig) eller illegitimt (ugyldig) fråvere.**
 - **Dersom fråveret er over 30 t:**
 - **Beheld ein retten til å ta igjen timane dersom fråveret er dokumentert ved sjukmelding**
 - **Kan ein miste retten til opplæring – men ikkje plikta (ein må då betale sjølv) om fråveret er ugyldig eller det ikkje er varsla.**
 - **Dersom fråveret er vesentleg lenger enn 30 t – og ikkje dokumentert eller varsla, kan kommunen gjere vedtak om mellombels eller permanent stans i opplæringa. Dette kan få den konsekvens at ein ikkje får opphaldstillatelse.**
 - **Dersom en ventar å vere vekke frå undervisninga over noko tid – må ein søkje permisjon. Denne søknaden vert handsama individuelt. Det gjeld spesielle reglar etter kva type permisjon ein søker. Saka bør takast opp med ansvarleg leiar i god tid før permisjonen skal gjelde.**

AVTALE OM UNDERVISNING / INDIVIDUELL ARBEIDSPLAN

Elevdاتا:

Namn: _____ Adresse/Telf.: _____

Eg har sett med inn i dei rettar og plikter som følgjer med opplæringstilbodet "Norsk med samfunnskunnskap". Som elev ved Vaksenopplæringa ved Gursken oppvekstsenter aksepterar eg desse .

Avtale om oppmøte / Timetal pr. veke / Periode:

Innhaldet i opplæringa (kort og med stikkord)

Planen er utforma i samarbeid med eleven. _____ Underskrift kontaktlærer